

Svar på spørsmål frå Helle (A) - Skred på fylkesvegane - beredskap

Arve Helle (A) har i e-post av 15. januar 2020 sett fram følgjande spørsmål:

«Eg ønskjer å stille følgjande spørsmål til møte i hovudutval for samferdsle og mobilitet, 15.01.:

Siste tida har vi opplevd ras på fylkesvegane, både mellom Feios og Fresvik i Vik kommune og i Osa i Ulvik kommune. Dette har mest av alt store store konsekvensar for dei involverte med isolerte bygder og ein utrygg kvardag, men vil naturleg nok også å ha økonomiske og praktiske konsekvensar for fylkeskommunen.

Korleis meiner fylkesrådmannen beredskapen har fungert når eit ras har isolert ei bygd, som til dømes ved raset i Osa?

Kva er status for desse vegane no og har ein oversikt over dei økonomiske konsekvensane?»

Skred mellom Feios og Fresvik i Vik kommune

Det gjekk eit skred på fv. 5602 Vangsnes - Fresvik ved Juvik 29.12.2019. Vegen vart opna med midlertidig løysing 2.1.2020.

Same natt gjekk det og eit skred over eit skredoverbygg Jarva 1. Det kom ned lausmassar som måtte fjernast. Det måtte sprengast for å få vatn til å renne til eksisterande kumme og ein voll måtte plastrast.

Beredskap

Fylkeskommunen vart varsla straks etter hendinga. Vi hadde fokus på å opne vegen og informasjon som skulle ut til folket, og det var kontakt med ordføraren i Vik kommune og fylkesberedskapssjefen. Kommunen etablerte båt rute mellom Vik og Fresvik. Vi meiner at beredskap og informasjon har fungert godt gjennom driftskontrakten og felles byggherrevakt i samarbeid med Statens vegvesen.

Status

Skredet har gjort stor skade på stikkrenne, vegdekke, rekkverk og mur. Vi er no i gang med å prosjektere fullverdige reparasjonar. Arbeidet med permanente reparasjonar vil starte så snart arbeidet er prosjektert, og vi har fått avklart om dette kan utførast av vår driftsoperatør eller må lysast ut på anbod.

Økonomiske konsekvensar

Det midlertidige tiltaket for å opna vegen ved Juvik har kosta om lag 200.000 kr eks. mva.

Statens vegvesen har stipulert kostnaden med permanent utbetring, med ein eventuell ny mur og ein eventuell kulvert, til ca. 6 - 7 mill.kr. eks. mva. Prosjekteringa vil gje eit meir nøyaktig kostnadsoverslag.

Oppryddinga ved skredoverbygg Jarva 1, er kostnadsrekna til om lag 800 000 kr eks. mva.

Skred ved Osa i Ulvik kommune

Det gjekk eit skred på fv. 5374 Brakanes - Osa 5.12.2019. Vegen vart opna med midlertidig løysing 12.12.2019

Beredskap

Beredskapen fungerte godt. Driftsentreprenør sperra vegen på begge sider av skredet, og dei som skal varslast vart varsla. Vi hadde god kontakt med ordføraren i Ulvik for etablering av båttransport til Osa forbi skredstaden. Det vart skilta i Ulvik at vegen var stengt til Osa. Vi hadde heile tida tett kontakt med Vegtrafikkssentralen og Ulvik kommune om når vi såg føre oss at vegen kunne opnast forbi skredstaden.

Status

Det har vore gjennomført synfaring med geolog og geoteknikar. Vegen har vorte rydda og skredmassar er køyrt bort. Det er greve ut på innsida av vegen i forbindelse med etablering av midlertidig veg. Det er etablert tung sikring forbi skredstaden mot sjøen.

Arbeidet med prosjektering for gjenoppbygging av veggen er starta. Det må byggast ein tørrmur frå sjøkant opp til veg i tillegg til gjenoppbygging av vegkropp som er forsvunne, dekkelegging og betongrekkverk.

Dette arbeidet ønskjer vi å samkøyre med eit skredsikringsprosjekt som Vestland fylkeskommune skal ha på staden. Plan for oppstart av dette er mai 2020. Vi samkøyrer arbeida for å gjere stengingstidene forbi skredstaden så kort som mogeleg. Dette vil og redusere kostnadene. På grunn av skredfare er det ikkje ønskjeleg at arbeidet vert gjort før til våren.

Økonomiske konsekvensar

Vi har ikkje oversikt over kostnadene enno. Kostnader knytt til sjølve hendinga vil vi snart ha oversikt over. Kostnader til permanente reparasjonar vil vi ha eit godt overslag over når prosjekteringa er gjort.